

# Venneforeining for Ryfylkemuseet – årsmøte 2022

Venneforeininga til Ryfylkemuseet held årsmøte på Ryfylkemuseet på Sand

**Torsdag, 10. februar, kl 1600**

## Oversyn sakliste

- 1/22: Godkjenning av innkalling og sakliste
- 2/22: Val av møteleiar, skrivar og to til å underskriva protokollen
- 3/22: Val
- 4/22: Årsmelding og orientering om rekneskap
- 5/22: Kontingent
- 6/22: Organisasjonsmodell og vidare drift
- 7/22: Framlegg til endringar i vedtektene
- 8/22: Eventuelt

## Sak 1/22: Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksutgreiing

Invitasjon til årsmøte vart først sendt som ein personleg invitasjon per post til alle medlemmar, to månader før årsmøte. Denne invitasjonen inneheldt ei førebels sakliste og frist til å sende inn innspel til saklista.

Vidare kom annonse i lokalavisene. Dessutan vart invitasjonen til årsmøte fremma gjennom Ryfylkemuseet sine sosiale media.

Saksframlegg med sakspapira vert lagd ut på heimesida til museet.

### Forslag til vedtak

Innkallinga og dagsorden vert godkjende slik dei ligg føre.

## **Sak 2/22: Val av møteleiar, skrivar og to til å underskriva protokollen**

### **Forslag til vedtak**

Møteleiar: Einar Berge

Skrivar:

Signere protokollen:

## **Sak 3/22: Val Saksutgreiing**

Ettersom det vart ikkje årsmøte i 2020, og det ikkje blei gjennomført val i 2021, står formelt alle til val. For å sikre ein kontinuitet, har styret sett opp valet slik at ein styrerepresentant vil bli valt for to år, mens den andre blir valt for eit år.

Vararepresentantane for styret blir vanlegvis valt for eit år om gangen. Det same gjeld for styreleiar.

Valkomiteen blir som vanleg valt for eit år om gangen.

Representantane i Ryfylkemuseet sitt styre blir vanlegvis valt for to år om gangen, men denne gangen blir ein av dei valt for eit år, slik at det sikra kontinuitet. I museet sitt styre har ein personleg vara, og varafolka blir difor valt etter same mønstre som styrerepresentantane.

### **Innstilling frå valkomité/ styre**

Kjem i eget dokument.

### **Forslag til vedtak**

Valet blei gjennomført etter innstillinga frå styret/ valkomitéen.

## **Sak 4/22: Årsrapport og orientering om rekneskap Saksdokument**

Årsrapport (blei lagd ut på heimesida til Ryfylkemuseet som varsla)

Oversyn over rekneskap (blei lagd ut på heimesida til Ryfylkemuseet som varsla)

### **Forslag til vedtak**

Årsrapport blei godkjend. Førebels rekneskap blei godkjend, med forbehold om revisorgodkjenning.

## **Sak 5/22: Kontingent**

### **Saksutgreiing**

Kontingenten har dei siste åra ligge på kr 350 kr. for enkeltmedlemmer, og 400 kr. for familiar.

### **Forslag til vedtak**

Ingen endringar på kontingenten.

## **Sak 6/22: Organisasjonsmodell og vidare drift**

### **Saksutgreiing**

Dei siste ti åra har det vore svært lite aktivitet i venneforeininga, og fleire initiativ til ulike styrarar og/eller direktørar har ikkje hatt varig effekt. I 2021 bad difor styret direktøren i Ryfylkemuseet om å utarbeide ei utgreiing av ulike organisasjonsmodellar for venneforeininga innanfor rammene vedtektene gir. I utgreiinga er tre ulike modeller skissert.

Styret har drøfta dei ulike modellane, og meiner at modell C: støtteforeining, er den mest realistiske løysinga. Den modellen ligg nærast drifta slik den i praksis har vore dei siste åra. Den krev heller ikkje nokon endringar i vedtektene.

Som rein støtteforeining, vil venneforeininga likevel bidra på ein svært verdfull måte til museet, gjennom kontingent og som ambassadørar. Veldig mange medlemmar bidrar også i stor grad med dugnadsinnsats gjennom andre lag og foreiningar. Det er eit engasjement som fort kan bli problematisk viss venneforeininga skulle stille krav om betydeleg meir innsats til eigne medlemmar.

Den einaste formelle endring dette ville innebære, er at vi ikkje lenger treng å ha aktivitetar som fast punkt på agendaen i kvart møte. For styret vil det vere ein lette, då ein har kjent på frustrasjonen dei siste åra når ein opplever at ein ikkje har fått til større aktivitet. Samtidig ser vi også at det manglar kapasitet til verkeleg å gå inn for å etablere eit aktivitetsnivå langt utover det som er i dag.

Dersom nokon medlemmar på eit seinare tidspunkt ønskjer å starte ein aktivitet, eller Ryfylkemuseet ønskjer å be om hjelp, er det ingenting i vege for det. Vi skal berre ikkje lengre legge krav på oss sjølv om at vi må ha aktivitetar.

Styret meiner det er viktig å halde fast ved årlege årsmøte, og ein bør legge opp til minst to styremøte i året.

### **Saksdokument**

Utgreiing av organisasjonsmodell (blei lagd ut på heimesida til Ryfylkemuseet som varsla)

### **Forslag til vedtak**

Venneforeininga er primært ei støtteforeining. Dette skal vi fortsette med.

## **Sak 7/22: Framlegg om endringar i vedtektene**

### **Saksutgreiing**

Venneforeininga blei skipa i 2007, etter at ei endring i stiftingslova gjorde det nødvendig å organisere seg på det viset.

Etter 14 år har enkelte rutinar blitt tilpassa og det har oppstått tradisjonar rundt korleis ein gjer ting. Det har ført til at enkelte paragrafar i vedtektene til venneforeininga ikkje lenger blir følgt.

Styret har difor gått gjennom vedtektene, og foreslår å endre enkelte paragrafar slik at dei er meir tidsmessig.

### **Saksdokument**

Vedtektene med endringsforslag (blei lagd ut på heimesida til Ryfylkemuseet som varsla)

Den delen av vedtekter som er foreslått endra, er i raud skrift/med strek gjennom. Forslag for ny tekst, er i oransje tekstfelt rett under det avsnittet forslaget gjeld.

### **Forslag til vedtak**

Vedtektsendringane blei vedtatt.

## **Sak 8/22: Eventuelt**